



Kjell Werner Johansen  
Øvrebøen 7  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/708 - 17/5805

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
22.03.2017

## Godkjenning - fritak frå feie-/tilsynsgebyr gbnr 25/106 Øvrebøen

**Administrativt vedtak. Saknr: 85/2017**

### Saksutgreiing:

Det er i skriv, dagsett 21.03.2017, søkt om fritak frå feie-/tilsynsgebyret for husvære på eigedomen gbnr 25/106, Øvrebøen. Søknaden er grunngjeven med at skorsteinen er forseгла på toppen med ei faststøyt plate.

### Vurdering:

Til no har kommunen praktisert at alle som kan dokumentere at husværet ikkje har eldstad av noko slag, eller at pipa er blenda, kan etter søknad, sleppe å betale feie-/tilsynsgebyr. Dette er og gjeldane for 2017.

Etter ny lovpålagt forskrift, har kommunane innført feiing etter behov. Dette tyder at feiing skal skje når det er naudsynt med feiing, men likevel slik at skorsteinen skal feiast minst kvart 4. år uansett bruk.

Innspart tid med feiing etter trong, skal nyttast til inspeksjon av husværa der feiaren gir råd og rettleiing for å unngå brann. Denne tenesta er uavhengig om husværet har eldstad eller ikkje, og kostnaden skal dekkast inn gjennom feie-/tilsynsgebyret.

Administrasjonen har vurdert eigar av gbnr 25/106, sine opplysningar som relevant dokumentasjon for å gje fritak.

### Vedtak

«Meland kommune godkjenner at det frå 01.01.2017 vert gjeve fritak frå feie-/tilsynsgebyret for Dykkar husvære på eigedomen gbnr 25/106, i samsvar med søknad dagsett 21.03.2017. Dersom situasjonen endrar seg ved at plata fjerna frå skorstein, må det straks gjevast medling hertil.

Utsendt faktura for 1. termin 2017 vert kreditert og ny faktura vert ettersendt.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Feiaren i Lindås og Meland v/Trond  
Smørdal

**Mottakere:**

Kjell Werner Johansen

Øvrebøen 7

5918

FREKHAUG